



# Møtebok

Sak nr 31/2009

Møtedato: 15.6.09

Møtestad: Vaset

Arkiv nr: S 734

## S 734, Bukono – søknad om riving av fjøs og oppføring av nytt fjøs og ystebu

Magne Gardshaug søker om å få rive eksisterande fjøs for å føre opp nytt på nordsida av stølstunet. Fjøset ligg i dag utanom stølstunet. Nytt fjøs 6 x 8 meter og er tenkt ført opp i stavlaft med torvtak. I tillegg ynskjer søkeren å føre opp ei gammal lafta smie på 4,30 x 3,60 m som ystebu. I følge vedlagt kartskisse skal uthuset på 5 m<sup>2</sup> bli fjerna.

På stølen er det i følge stølsregisteret følgjande bygningar:  
Uthus/skåle 12 m<sup>2</sup>, fjøs 98 m<sup>2</sup>, sel 112 m<sup>2</sup>, sel 49 m<sup>2</sup>, fjøs 23 m<sup>2</sup>

Registrering av sel på 112 m<sup>2</sup> må vera feil. Gardshaug sökte om å få føre opp nytt sel i 2003. Han fekk avslag på søknaden fordi det ikkje var i ei tunløysing. Fjøs på 98 m<sup>2</sup> som han søker om å rive, ligg på tilleggsjorda (F735).

Dei nye bygningane er tenkt plassert på tilleggsjorda (F1107) ved sidan av stølstunet. Reint formelt er det då rett å omdefinere heile eller delar av dette frå tilleggsjord til stølsutvisning. Dette arealet er på 34 daa og stølsutvisinga er på 3 daa. Vidare har han to tilleggsjordstykke (F735 og F992) på til saman 64 daa.

Landbrukskontoret har i e-post datert 18.5.09 orientert nærmare om drifta på garden. Stølen er i bruk etter fjelova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter.*

*Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Søknaden er oversendt Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale og ein har ikkje motteke merknader til søknaden.

### Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for dei omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene på vilkår av at uthus (5 m<sup>2</sup>) og fjøs (98 m<sup>2</sup>) blir rive.

Vedlagte teikningar var ikkje detaljerte og det er vanskeleg å gjera god vurdering av byggeskikk. Stav og laft er ikkje tradisjonell utforming av fjøs. Fjellstyret kan likevel godkjenne dette om det blir utforma på ein enkel måte, slik det er tradisjon for på fjøs/uthus. Ein viser i denne samanheng til byggeregler frå Oppland fylkeskommune.

Arealet som dei nye husa skal førast opp på, skal omregistrerast frå tilleggsjord til stølsutvising.

Etter § 10 i fjelova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 17.6.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Magne Gardshaug  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune